

Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet 15. mars 2016. (2)

Tilstades: Regionordfører Erik Skjervagen, Jon Rikard Kleven, Halfdan Haugan, Tarjei Gjelstad, Jaran Felland, Ketil Kiland, Anders Sandvik, Kari Gro Espeland, Øystein Tveit, Brit Houge, Sverre Sæter, Ole Dalen og Kjell Gunnar Heggenes.

Frå Telemark fylkeskommune møtte regionkontakt Therese Surdal Lahus.

Jon Rikard Kleven ynskte vel møtt og gav ei innleiande orientering om Vinje kommune, kva som særmerkjer kommunen, litt om utmerkingar kommunen har fått, samt kva som er på gang i høve til vidareutvikling av denne.

Etter dette vart rådsmøtet formelt opna, og innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

Sak 10/2016. Referat frå rådsmøte 23. februar 2016.

Vedtak: Referat frå rådsmøte 23. februar 2016 vert samrøystes godkjent.

Sak 11/2016. Forslag til årsmelding og årsrekneskap 2015 Vest-Telemarkrådet.

Det låg føre forslag til årsmelding og årsrekneskap 2015 for Vest-Telemarkrådet.

Økonomisjef i Kviteseid kommune, Lothar Edel, orienterte nærare om forslaget til årsrekneskap.

Etter dette gjekk Ole Dalen kort gjennom forslaget til årsmelding,

Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til årsmelding og årsrekneskap 2015 til framlegging for endeleg godkjenning i Vest-Telemarktinget. Samrøyses vedtak.

Sak 12/2016. Forslag til sakliste og møtestad for Vest-Telemarktinget 26. april 2016.

Det låg føre forslag om å legge møtet 26. april til Dalen Hotell. Det låg også føre forslag til tema i samband med orienteringsdelen av møtet. Etter ordskifte vart det gjort slikt vedtak:

Vest-Telemarkrådet sluttar seg til forslaget om å legge møtet til Dalen Hotell.

I orienteringsdelen av møtet vil det bli orientert nærare om fylgjande 4 tema:

Vidaregåande skule, Byregionprogrammet, VisitTelemark og Aktiv Skole365. Samrøystes vedtak.

Sak. 13/2016. Strategi for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2016 - 2020.

Forslag til uttale.

Det låg føre invitasjon frå Telemark fylkeskommune om å kome med innspel til høyringsutkastet :
" *Strategi for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2016 - 2020*".

Frå administrasjonen låg det føre forslag til uttale der ein sluttar seg til høyringsutkastet.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til uttale gjeldande høyringsutkastet "Strategi for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2016 - 2020.

Samrøystes vedtak.

Sak. 14/2016. Fiskesperra i Telemarkskanalen, tilslutning til uttale frå Tokke kommune.

Utgangspunktet for saken var ei innstilling frå Fylkesmannen i Telemark til Miljødirektoratet med tilråding om å avvikle fiskesperra ved Kjeldal sluse våren 2016.

Det låg føre saksutgreiing frå Tokke/Vinje kraftutval, der rådmannen i Tokke tilrår å oppretthalde fiskesperra inntil ein har fått på plass andre tiltak som kan verne storaurestamma i Bandak. Frå administrasjonen i Vest-Telemarkrådet låg det føre forslag om å støtte tilrådinga frå kraftutvalet/Tokke kommune.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet sluttar seg til Tokke kommune si tilråding og ber Miljødirektoratet godkjenne vidareføring av drifta av den elektriske fiskesperra ved Kjeldal sluse inntil andre effektive tiltak for å hindre oppgang av gjedde er på plass.

Samrøystes vedtak

Sak. 15/2016. Lyntogforum Vestlandsbanen over Haukeli - orientering.

Etter avtale var representantar frå Lyntogforum Vestlandsbanen over Haukeli tilstades for å orientere nærare om organisasjonen og arbeidet i denne.

Desse var: Styreleiar Kjell Stundal, kommunikasjonssjef Thor Bjørlo og styremedlem i Norsk Bane AS, Hans Kristian Lehmann.

Organisasjonen vart etablert i 2014, og arbeider for å opprette høgfartsbane over Haukeli. Vest-Telemarkrådet deltek i Lyntogforum saman med 8 kommunar og 14 andre organisasjonar/bedrifter i Telemark. I alt har organisasjonen 68 medlemmer.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Sak. 16/2016. Orienterings- og drøftingssaker.

Nasjonal Transportplan - prosess i Telemark.

Kjell Gunnar Heggenes orienterte kort om prosessen og det vart vist til komande møte i Arena Samferdsel Telemark som skal finne stad 18. mars. Møtet er eit ledd i prosessen rundt høyringa av Nasjonal Transportplan, der fylkeskommunen samrår seg med kommunane og dei ulike organisasjonane i høve til si uttale til planen.

Rådsmøte/møte med Telemarksbenken i Oslo 24. mai.

Det er no avklart at Vest-Telemarkrådet legg sitt møte 24. mai til Oslo. Møtet er klarert med Telemarksbenken på Stortinget og ein vil vurdere moglegheiten for eit 2-dagars opplegg.

Regionalt partnerskap.

Ole Dalen orienterte kort om moglege framtidige avtaler mellom fylkeskommunen og regionane gjeldande næringsutvikling. Det skal leggest fram sak for Hovudutval for næring i april 2016.

Vedtak: Administrasjonen kjem tilbake til Vest-Telemarkrådet med nærare presentasjon av saken.

Arkivering.

Kjell Gunnar Heggenes orienterte kort om eit initiativ overfor musèet i Eidsborg med tanke på arkivering av Vest-Telemarkrådets sakspapir, og fekk tilslutning til ei slik løysing.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek dei ulike orienteringane til vitande.

Sak. 17/2016. Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDI).

Orientering om flyktningesituasjonen og busettinga av flyktningar i 2016.

Tilstades i møtet var regiondirektør Ingrid Sætre og seniorrådgjevar Astrid Espegren frå IMDI. Svært god innsats frå kommunane har ført til at det er busett dobbelt så mange flyktningar som før. Det er forespurt om 18 000 plassar i 2016 og av desse er alt 16 000 på plass. Vest-Telemark har svært god statistikk i høve til busetting av flyktningar. IMDI vil ha klårlagt behovet for mindreårige plassar rett etter påske.
Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Det var også sendt ut informasjon og ynskje om handsaming av 3 ekstra saker kort tid før rådsmøtet:

Framtidig organisering av PPT.

Hovudutval for kompetanse i Telemark fylkeskommune hadde gjort vedtak om å vidareføre dagens organisering av PP-tenesten i Vest-Telemark under føresetnad av at det vert oppretta eit fagråd. I hovudutvalets vedtak kom det også fram ynskje om å ta ei meir aktiv rolle som eigar i selskapet. Med utgangspunkt i dette gjorde Vest-Telemarkrådet fylgjande vedtak:
Med bakgrunn i vedtak i sak 8/16 i Hovudutval for kompetanse 7. mars 2016 om vidareføring av PP-tenestetilbodet i Vest-Telemark, ber Vest-Telemarkrådet representantskapet i Vest-Telemark PPT opprette eit fagråd beståande av medlemene i "Forum for utdanning i Vest-Telemark" samt 1 representant frå Telemark fylkeskommune.
Vest-Telemarkrådet rår vidare representantskapet til å auke antal medlemmer i styret slik at fylkeskommunen vert representert også i dette. Samrøystes vedtak.

Ny organisering/lokalisering av Skatteetaten.

Halfdan Haugan orienterte om forslag til endringar i organiseringa av Skatteetaten. I dag er det kontor i Vinje, Seljord, Bø, Notodden og Skien. I forslag til ny organisering foreslås berre eitt kontor i Telemark, dette lagt til Skien. Halfdan vurderte moglegheiten for å få 2 kontor i Telemark som gode, og meinte at det andre kontoret bør leggjast til Seljord. Det er viktig at Vest-Telemarkrådet støyr søknaden i form av ei uttale.
Vedtak: Regionrådsleiar lagar utkast til uttale og samrår seg med Halfdan Haugan i saken.
Uttaleforslaget sendast ordførarane til godkjenning.

Forslag til nye studietilbod ved Vest-Telemark vg skule.

Lars Ramdal Kleve og Siv Reidun Einebærholm frå Vest-Telemark vg skule var tilstades og orienterte. Skulen i Seljord har vore foreslege lagt ned heile 19 gonger, og treng no arbeidsro og forutsigbarhet. Skulen ynskjer å vera offensiv og foreslår å opprette 2 nye studietilbod ved avdelingen i Seljord. Skulen foreslår eit nytt yrkesfaglig tilbod innan service og samferdsel, og viser til at delar av undervisninga kan kombinerast med restaurant- og matfag. I tillegg foreslår skulen å opprette ei halv klasse innan musikk, dans og drama. Denne undervisninga kan delvis kombinerast med undervisninga i faget medier og kommunikasjon.
Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.